Ei ny kyrkje for den nye tida



ULSTEIN KYRKJE
Saman på ferda

DEN NORSKE KYRKJA

Ulstein treng ei kyrkje med plass til alle.

Den gamle kyrkja vart bygd i 1849, då var folketalet 1100

I dag er folketalet 8430



Vår gamle kyrkje vil vere i aktiv bruk – i den nye tek vi i bruk framtidsretta arbeidsformer.

I kyrkja vil vi trufast døype, konfirmere, vie og gravlegge. Samstundes trengs lokaler til å bygge fellesskap og drive kyrkjelydsarbeid i framtida.

Ulstein får ei kyrkje som kan formidle den kristne kulturarven.

Eit ope og inkluderande lokalsamfunn treng forankring. Den nye kyrkja vil gjere det mogleg å formidle verdiar og kulturarv til våre nye landsmenn og til komande generasjonar.



Ulstein får ein møtestad som innbyr til fellesskap og nestekjærleik i det daglege.

Open barnehage, integreringsarbeid, frivillige organisasjonar, møtestader for born, unge, vaksne og eldre - alt dette treng eit ope og inviterande bygg. Ei kyrkje der ein kjem like lett inn med rullestol som på lette barneføter.

Ulstein får ei kyrkje som peikar inn i framtida.

Ved å både ta vare på den gamle kyrkja vår – og reise eit nytt og innovativt bygg, formidlar vi forteljinga om Ulsteinsamfunnet der tradisjon og utvikling går hand i hand. Kyrkja vil vere ein viktig del av samfunnet si framtid.

Ulstein nye kyrkje vert ein god stad å høyre til.

Kyrkjebygget skal vere for dei store merkedagane, for den daglege fellesskapsaktiviteten, men også eit bygg som talar for seg sjølv. Bygget vil invitere til ettertanke- ein stad der alle kan finne ro.

Ulstein får ei kyrkje som kan løyse samfunnsoppdraget sitt.

Kyrkja har fått ansvar for å drive trusopplæring, men manglar eigna opplæringslokale. Ulstein sokn treng plass til å samle store årskull av born og unge, og nytte moderne teknologi i kulturformidling og nye undervisningsformer.

Ulstein nye kyrkje vert eit signalbygg som er med og gir identitet til lokalsamfunnet.

Vi trur mange vil kome til Ulstein for å oppleve det vakre kyrkjebygget. Og med eit aktivt og inkluderande innhald, vil kyrkja medverke til at Ulstein framleis vert ein attraktiv stad å bu.

Vinnarutkastet “Excelsior” teikna av Snøhetta. Kapellet har eigen inngang ovanfrå ved det store treet.

Ulstein nye kyrkje

Konkurranseforslaget «Excelsior» vil å skape ei skreddarsydd og berekraftig kyrkje for Ulstein som vert ei verdig og funksjonell ramme for alle aktivitetane i kyrkjelyden. Den nye kyrkja vert bygt ved sidan av den eksisterande kyrkja, og dei to bygga utgjer en ny heilskap, både funksjonelt og symbolsk.

Konseptet for «Excelsior» kan forklarast med tre ord: Steinen – Treet – Romet. Steinen eller klippa er fundamentet som den nye kyrkja vert bygt på. Den representerer det evige, det solide, fortida, og alteret som eit møte med Gud. Det nye kyrkjebygget i tre etablerast som eit nytt landskap. Treverket representerer vekst, skaparverk, framtid og berekraft. Den lagdelte forma lyfter seg opp i eit overlys over kyrkjerommet, og har referanse til ringar i vatn, og årringar i tre. Romet vert lik eit holrom i treet. Det representerer notida, livet og vandringa. I kyrkjeromet finn vi både den



horisontale aksen i fellesskapen og vandringa inn, og den vertikale aksen i forbindinga mellom himmel og jord i overlyset.

Seks karakteristiske tre av typen hengeask pryder Ulstein gamle kyrkjegard, og gir ein særeigen karakter til området mellom den gamle kyrkja og tomta for den nye kyrkja. Hengeaska sitt vitskapelege, latinske namn er Fraxinus Excelsior 'Pendula'. Excelsior tyder «det høgste» eller «det opphøgde», og er eit ord som vi kjenner frå liturgien.





Bli kyrkjebyggjar!

Det blir fortalt at gardane på Ulstein i 1849 reiste ny kyrkje eitt år etter at den gamle brann. Byggeprosessar i 2016 tek lengre tid, men inspirert av tidlegare tider tek vi mål av oss til å få på plass finansiering innan utgangen av dette året.

Klarer vi det, er neste mål å innvie Ulstein nye kyrkje 1. søndag i advent 2019.

I høve Kyrkjelova paragraf 15, har kommunen ansvar for finansiering av kyrkjebygg. Ulstein kommune har mange krevjande oppgåver. Difor tek vi utfordringa med å legge grunnlag for finansieringa gjennom ein dugnad - ei gjevarteneste. Gjennom denne gjevartenesta vil vi bygge eigenkapital fram til prosjektet startar og deretter kunne dekke lånekostnaden dei neste 10 åra.

Difor tek vi utfordringa med å legge grunnlag for finansieringa gjennom ein dugnad - ei gjevarteneste. Ei føreseieleg gjevarteneste over tid vil byggje eigenkapital fram til prosjektet startar, og deretter dekkje



lånekostnadane i dei neste 10 åra. Dette er eit oppnåeleg mål dersom 250 personar som eksempel gir kr 1.000,- pr mnd i 10 år. Etter skattefrådrag vert dette beløpet kr 8.640,- pr år. Det er sjølvsagt rom for større og mindre beløp, større og mindre gåver.
Ein slik finansieringsmodell vil gi prosjektet føreseielege rammer og gjere oppstart mogeleg raskare.

Tek du utfordringa?
Bli ein kyrkjebyggar i vår tid!

Kontakt kyrkjeverje Christfried Kaul:
post@ulsteinkyrkje.no, tel: 70017680
Gjevarkonto for Ulstein nye Kyrkje:
8647.12.18997.









Snøhetta vart etablert i 1989 og er eit tverrfagleg kontor som består av arkitektar, landskapsarkitektar, interiørarkitektar og grafiske designarar. Kontoret har i dag 180 tilsette frå 30 ulike nasjonalitetar fordelt på kontor i Oslo, New York, San Fransisco, Innsbruck, Stockholm samt representantar i Frankrike og Australia.

Snøhetta har motteke ei rekke utmerkingar for bygga sine, mellom anna Aga Khan prisen for Biblioteket i Alexandria i Egypt, WAN Award for Tverrfjellhytta på Hjerkinn og Mies van der Rohe utmerkelsen for Den Norske Opera og Ballett i Oslo.

Snøhetta